

## Betre kollektivtransport i distrikta no

Transport er ei stor kjelde både til utslepp av klimagassar og anna ureining, som til dømes mikroplast frå bildekk. Skal vi berge kloden, trengst det eit betre kollektivtilbod også utanfor dei store byane. Bygdefolk har få alternativ til privatbilen. Særleg unge og eldre som ikkje køyrer sjølv står ofte utan gode muligheiter til transport. I ei tid då mange ungdommar flyttar inn til sentrale strøk, samtidig som folk blir oppfordra til å bu heime så lenge dei kan i alderdomen, må vi tenke nytt om kollektivtrafikk.

Fleire stader i Vestland har i mange år praktisert ulike nye løysingar, som til dømes "Trygt heim for ein 50-lapp" og Serviceskyss i ulike kommunar i Sogn og Fjordane. Diverre har Vestland fylkeskommune trekt seg ut av sistnemnde og overlete ansvaret til kommunane. Vi treng fleire slike kollektivtilbod, ikkje færre. Vestland SV krev at fylkeskommunen intensiverer arbeidet for å få på plass fleksible løysingar med bestillingsskyss og liknande i distrikta. Vestland SV krev også at regjeringa snarast reverserer drosjereforma til dei blåblå, slik dei har lova i Hurdalsplattformen, så det kan haldast oppe eit godt taxitilbod i distrikta.